

KOMMISJONSVEDTAK

2015/EØS/36/24

av 9. juli 2009

om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til overnattingstenester

[meldt under nummeret K(2009) 5619]

(2009/578/EF)(*)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske
fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF)
nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning
for tildeling av miljømerke⁽¹⁾, særleg artikkel 6 nr. 1 andre
leddet,

etter samråd med Utvalet for miljømerking i Den europeiske
unionen og

ut frå desse synsmåtane:

1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan
fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har
eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg
betring av dei viktigaste miljøfaktorane.

2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det på
grunnlag av dei kriteria som er utarbeidde av Utvalet for
miljømerking i Den europeiske unionen, skal fastsetjast
særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar
produktgruppe.

3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling
av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og
kontroll i samband med kriteria skal reviderast i god tid
før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er
oppførte for den aktuelle produktgruppa, gjeld for.

4) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 er det i god
tid vorte gjennomført ein revisjon av dei miljøkriteria
og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll som
vart innførte ved kommisjonsvedtak 2003/287/EF av 14.
april 2003 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av
fellesskapsmiljømerket til overnattingstenester⁽²⁾. Desse
miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og
kontroll gjeld fram til 31. oktober 2009.

5) For å ta omsyn til den vitskaplege utviklinga og
marknadsutviklinga bør definisjonen av produktgruppa
endrast, og det bør fastsetjast nye miljøkriterium i lys av
den nemnde revisjonen.

6) Miljøkriteria og dei tilhøyrande krava til vurdering og
kontroll bør gjelde i eit tidsrom på fire år frå datoen då
dette vedtaket vert vedteke.

7) Med omsyn til overnattingstenester bør miljøkriteria
delast inn i obligatoriske og valfrie kriterium.

8) For å ta omsyn til svært små føretak slik det er definert
i kommisjonsrekommandasjon 2003/361/EF av 6. mai
2003 om definisjonen av svært små, små og mellomstore
bedrifter⁽³⁾, og til dei avgrensa ressursane til slike føretak
og kor viktige dei er i denne produktgruppa, bør dei
gebyra som gjeld søknader om og bruk av miljømerket
for slike føretak, kunne reduserast meir enn det som er
fastsett i forordning (EF) nr. 1980/2000 og artikkel 1 og
2 i kommisjonsvedtak 2000/728/EF av 10. november
2000 om fastsetjing av søknadsgebyr og årleg gebyr
for fellesskapsmiljømerket⁽⁴⁾, i medhald av artikkel 5 i
vedtak 2000/728/EF.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 198 av 30.7.2009, s. 57,
er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/2010 av 2. juli 2010 om
endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den
europeiske unions tidende* nr. 59 av 21.10.2010, s. 17.

(¹) TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

(²) TEU L 102 av 24.4.2003, s. 82.

(³) TEU L 124 av 20.5.2003, s. 36.

(⁴) TEF L 293 av 22.11.2000, s. 18.

- 9) Vedtak 2003/287/EF bør difor bytast ut.
- 10) Det bør innførast ein overgangsperiode for tenesteytarar som har fått tildelt miljømærket for overnattingstenester på grunnlag av dei kriteria som er oppførte i vedtak 2003/287/EF, slik at dei får nok tid til å kunne tilpasse tenestene sine til å verte i samsvar med dei reviderte kriteria og krava. Tenesteytarar bør òg kunne sende inn søknader på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/287/EF, eller på grunnlag av kriteria i dette vedtaket, fram til vedtak 2003/287/EF sluttar å gjelde.
- 11) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —
- a) ho må høyre inn under produktgruppa «overnattings-tenester»,
- b) ho må oppfylle alle dei miljøkriteria som er fastsette i avsnitt A i vedlegget til dette vedtaket,
- c) ho må oppfylle tilstrekkeleg mange av dei kriteria som er fastsette i avsnitt B i vedlegget, for å oppnå det påkravde poengtalet slik det er nemnt i nr. 2 og 3.
2. For føremåla med nr. 1 bokstav c) skal overnattingstenesta oppnå minst 20 poeng for hovudtenesta.
3. Dersom tenestene vert forvalta eller eigde av overnattingstenesta, skal dei poengtala som er nemnde i nr. 2 for kvar av dei følgjande tenestene, aukast med

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

1. Produktgruppa «overnattingstenester» skal omfatte eit tilbod, mot vederlag, av innandørs overnatting i høveleg utstyrte rom med minst éi seng, hovudsakleg til turistar, reisande og overnattingsgjester.

Tilbodet av innandørs overnatting kan omfatte måltid, trenings- og fritidsaktivitetar og/eller grøntområde.

2. For føremåla med dette vedtaket skal måltid omfatte frukost. Trenings- og fritidsaktivitetar/-anlegg skal omfatte badstover, symjebasseng og liknande anlegg som ligg på området til overnattingsstaden, og grøntområde skal omfatte parkar og hagar som er opne for gjester.

3. For føremåla med dette vedtaket skal svært små føretak definerast i samsvar med rekommandasjon 2003/361/EF.

Artikkel 2

1. For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømærket for overnattingstenester i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 (heretter kalla «miljømærket»), må ei overnattingsteneste oppfylle alle dei følgjande krava:

- a) 3 poeng for måltid,
- b) 3 poeng for grøntområde/utandørsområde som er tilgjengelege for gjester,
- c) 3 poeng for fritids-/treningsaktivitetar, eller 5 poeng dersom fritids-/treningsaktiviteten omfattar eit velværesenter.

Artikkel 3

1. Som unntak frå artikkel 1 nr. 3 i vedtak 2000/728/EF skal søknadsgebyret for svært små føretak som søker om tildeling av miljømærket, reduserast med 75 %, og det er ikkje mogleg med ytterlegare reduksjonar.

2. Som unntak frå artikkel 2 nr. 5 første punktum i vedtak 2000/728/EF skal det for svært små føretak som nyttar miljømærket, fastsetjast eit minste årleg gebyr på 100 euro.

3. Det årlege salsvolumet til alle overnattingstenester skal reknast ut ved å multiplisere leveringsprisen med talet på overnattingar og redusere produktet av dette med 50 %. Leveringsprisen skal reknast som det gjennomsnittlege gebyret som gjesten betalar for overnattinga, medrekna alle tenester som ikkje fører med seg tilleggsgebyr.

4. Reduksjonane i det minste årlege gebyret som er fastsett i nr. 6–10 i artikkel 2 i vedtak 2000/728/EF, skal nyttast.

Artikkel 4

Miljøkriteria for produktgruppa «overnattingstenester» og dei tilhøyrande krava til vurdering og kontroll skal gjelde i fire år frå datoen då dette vedtaket vert vedteke.

Artikkel 5

For administrative føremål vert produktgruppa «overnattingstenester» tildelt kodennummeret «25».

Artikkel 6

Vedtak 2003/287/EF vert oppheva.

Artikkel 7

1. Søknader om tildeling av miljømerke innanfor produktgruppa «overnattingstenester» som er sende inn før datoen då dette vedtaket vart vedteke, skal vurderast på grunnlag av dei vilkåra som er fastsette i vedtak 2003/287/EF.
2. Søknader om tildeling av miljømerke innanfor produktgruppa «overnattingstenester» som er sende inn etter datoen då dette vedtaket vart vedteke, men seinast 31. oktober

2009, skal vurderast anten på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/287/EF, eller på grunnlag av dei kriteria som er fastsette i dette vedtaket.

Desse søknadene skal vurderast på grunnlag av dei kriteria som dei byggjer på.

3. Dersom eit miljømerke er tildelt på grunnlag av ein søknad som er vurdert ut frå dei kriteria som er fastsette i vedtak 2003/287/EF, kan det nemnde miljømerket nyttast i tolv månader frå datoen då dette vedtaket vert vedteke.

Artikkel 8

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 9. juli 2009.

For Kommissjonen

Stavros DIMAS

Medlem av Kommissjonen

VEDLEGG

MÅLSETJING

Føremålet med desse kriteria

Føremålet med kriteria er å avgrense dei viktigaste innverknadene på miljøet av dei tre fasane av livssyklusen til overnattingstenesta (innkjøp, yting av tenesta og avfall). Særlege mål er å

- avgrense energiforbruket,
- avgrense vassforbruket,
- avgrense avfallsproduksjonen,
- fremje bruken av ressursar som kan fornyast og stoff som er mindre farlege for miljøet,
- fremje informasjon om og opplæring med omsyn til miljøet.

Krav med omsyn til vurdering og kontroll

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er oppførte rett under kvart kriterium som er fastsett i avsnitt A og B. Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar og standardar enn dei som er oppførte under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode. Når det krevst at søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet oppfyller kriteria, kan desse dokumenta kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Dei rette organa skal utføre inspeksjonar på staden før dei gjev godkjenninga.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar. I det tidsrommet som godkjenninga gjeld, skal dei rette organa føre tilsyn med at kriteria vert oppfylte.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria i dette vedlegget vert oppfylte. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar).

Allmenne krav

For å kunne søkje om miljømerket må søkjaren oppfylle lovfesta krav på fellesskapsplan, nasjonalt plan og lokalt plan. Det skal særleg sikrast at

1. den fysiske bygninga er bygd på lovleg måte og oppfyller alle relevante lover eller forskrifter for det området ho er bygd på, særleg med omsyn til vern av landskap og biologisk mangfald,
2. den fysiske bygninga oppfyller fellesskapsregelverket og nasjonale og lokale lover og forskrifter med omsyn til energisparing, vasskjelder, reinsing og disponering av spillvatn, avfallsinnsamling og -disponering, vedlikehald og reparasjon av utstyr, tryggleik og helse,
3. føretaket er verksamt og registrert i samsvar med nasjonale og/eller lokale lover, og at personalet til føretaket er tilsette og forsikra på lovleg måte.

AVSNITT A

OBLIGATORISKE KRITERIUM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 2 NR. 1**ENERGI****1. Elektrisitet frå fornybare kjelder**

Minst 50 % av elektrisiteten som vert nytta til alle føremål, skal kome frå fornybare energikjelder slik det er definert i europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/77/EF⁽¹⁾.

⁽¹⁾ TEF L 283 av 27.10.2001, s. 33.

Dette kriteriet skal ikkje nyttast på overnattingsstader som ikkje har tilgang til ein marknad som tilbyr elektrisitet produsert frå fornybare energikjelder.

Bindande kontraktsvilkår (t.d. straffegebyr) som gjeld i minst to år ved byte av elektrisitetsleverandør, kan reknast som «ingen tilgang» til ein marknad som tilbyr elektrisitet produsert frå fornybare energikjelder.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå (eller ei avtale med) elektrisitetsleverandøren som viser kva type fornybar(e) energikjelde(r) det dreier seg om, kor mange prosent av den leverte elektrisiteten som kjem frå ei fornybar kjelde, dokumentasjon om kva kjelar (varmegeneratorar) som eventuelt vert nytta, og den høgste prosentdelen som kan leverast. I samsvar med direktiv 2001/77/EF skal fornybare energikjelder tyde fornybare ikkje-fossile energikjelder (vind, sol, geotermisk energi, bølgeenergi, vasskraft, biomasse, gass frå fyllplassar, gass frå reinseanlegg og biogassar). Dersom overnattingsstaden ikkje har tilgang til ein marknad som tilbyr elektrisitet produsert frå fornybare energikjelder, må det leggjast fram dokumentasjon om at det er søkt om fornybar energi.

2. Kol og tungoljer

Tungoljer med eit svovelinnhald på meir enn 0,1 % og kol skal ikkje nyttast som energikjelde. Dette kriteriet gjeld ikkje for kol til dekorasjonspeisar.

Dette kriteriet skal berre nyttast på overnattingsstader med eige varmeanlegg.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og opplyse om kva type energikjelde som vert nytta.

3. Verknadsgrad og varmeproduksjon

Dersom ei ny varmeproduserande innretning vert installert i det tidsrommet som miljømerket gjeld for, skal det vere ei høgeffektiv kraftvarmeeining (slik det er definert i artikkel 3 og vedlegg III til europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/8/EF⁽¹⁾), ei varmepumpe eller ein effektiv kjel. I det sistnemnde tilfellet skal verknadsgraden av ein slik kjel tilsvare fire stjerner (om lag 92 % ved 50 °C og 95 % ved 70 °C), målt i samsvar med rådsdirektiv 92/42/EØF⁽²⁾, eller i samsvar med relevante produktstandardar og reglar for desse kjelane som ikkje er omfatta av det nemnde direktivet.

Eksisterande varmtvasskjelar som vert fyrte med flytande eller gassformig brensel slik det er definert i direktiv 92/42/EØF, skal vere i samsvar med dei standardane for verknadsgrad som tilsvarar tre stjerner slik det er fastsett i direktivet. Eksisterande kraftvarmeeiningar skal vere i samsvar med definisjonen av høgeffektiv kraftvarme i direktiv 2004/8/EF. Verknadsgraden til kjelar som ikkje er omfatta av direktiv 92/42/EØF⁽³⁾, skal vere i samsvar med rettleiinga frå produsenten og med nasjonal og lokal lovgjeving om verknadsgrad, men ein verknadsgrad på under 88 % for slike eksisterande kjelar skal ikkje godkjennast (bortsett frå for biomassekjelar).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei som er ansvarlege for sal og/eller vedlikehald av kjelen, og opplyse om verknadsgraden.

4. Klimaanlegg

Verknadsgraden til alle klimaanlegg til hushaldsbruk som vert kjøpte i det tidsrommet som miljømerket er tildelt for, skal minst tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 2002/31/EF⁽⁴⁾, eller ha tilsvarende energieffektivitet.

NB: Dette kriteriet skal ikkje nyttast på klimaanlegg som òg kan nytte andre energikjelder, på luft-til-vatn-anlegg og vatn-til-vatn-anlegg eller på einingar med ein effekt (kjøleeffekt) på meir enn 12 kW.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå produsenten eller dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for installering, sal og/eller vedlikehald av klimaanlegget.

⁽¹⁾ TEU L 52 av 21.2.2004, s. 50.

⁽²⁾ TEF L 167 av 22.6.1992, s. 17.

⁽³⁾ Artikkel 3 i direktiv 92/42/EØF omfattar ikkje følgjande kjelar: Varmtvasskjelar som kan nytte ulike typar brensel, medrekna fast brensel, utstyr til kontinuerleg oppvarming av vatn, kjelar som er utforma for å nytte brensel med eigenskapar som skil seg monaleg frå eigenskapane til flytande og gassformig brensel som er å få i vanleg handel (røykgass frå industrien, biogass osv.), komfyrar og apparat som er utforma spesielt for å varme opp rommet som dei er installerte i, og som i tillegg leverer varmt vatn til sentraloppvarming og for sanitær bruk.

⁽⁴⁾ TEF L 86 av 3.4.2002, s. 26.

5. Energieffektiviteten til bygningar

Overnattingsstaden skal oppfylle den nasjonale lovgjevinga og lokale reglar med omsyn til energieffektiviteten og ytinga til bygningar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram eit energisertifikat i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/91/EF⁽¹⁾ eller, dersom det nasjonale gjennomføringssystemet ikkje omfattar eit slikt sertifikat, resultatata av ein energirevisjon utført av ein uavhengig sakkunnig på området energiyting for bygningar.

6. Isolering av vindaug

Alle vindaug i oppvarma og/eller luftavkjølte rom og fellesområde skal ha ein tilstrekkeleg grad av varmeisolasjon som er i samsvar med lokale reglar og høver til det lokale klimaet, og ein tilstrekkeleg grad av lydisolasjon.

Alle vindaug i oppvarma og/eller luftavkjølte rom og fellesområde som er sette inn eller renoverte etter tildelinga av fellesskapsmiljømerket, skal oppfylle direktiv 2002/91/EF (artikkel 4, 5 og 6) og rådsdirektiv 89/106/EØF⁽²⁾ og tilhøyrande nasjonale tekniske forskrifter for gjennomføring av desse direktiva.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn frå ein faglært tekniskar med opplysningar om at dette kriteriet er oppfylt og om varmegjennomgangskoeffisienten (U-verdien). For vindaug som oppfyller krava i direktiv 2002/91/EF, skal søkjaren leggje fram eit energisertifikat eller, dersom det nasjonale gjennomføringssystemet ikkje omfattar eit slikt sertifikat, ei fråsegn frå entreprenøren.

7. Avstenging av oppvarming eller klimaanlegg

Dersom oppvarminga og/eller klimaanlegget ikkje automatisk vert avstengt når vindauga vert opna, skal det finnast lett tilgjengeleg informasjon som minner gjesten om å lukke vindaug/vindauga dersom oppvarminga eller klimaanlegget er på. Individuelle oppvarmings-/klimaanlegg som er kjøpte inn etter tildelinga av fellesskapsmiljømerket, skal vere utstyrte med automatisk avstenging når vindauga vert opna.

Dette kriteriet skal berre nyttast på overnattingsstader med egne oppvarmings- og/eller klimaanlegg.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei eventuell informasjonstekst til gjestene.

8. Sløkking av lys

Dersom lyset/lysa i romma ikkje vert sløkte automatisk, skal det finnast lett tilgjengeleg informasjon som oppmodar gjestene om å sløkkje lyset når dei går ut av rommet.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med framgangsmåtene for å gje informasjon.

9. Energieffektive lyspærer

a) Minst 80 % av alle lyspærer på overnattingsstaden skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er definert i kommisjonsdirektiv 98/11/EF⁽³⁾. Dette gjeld ikkje for lyspærer som på grunn av fysiske eigenskapar ikkje kan bytast ut med energisparande lyspærer.

b) Alle lyspærer som er plasserte der det er sannsynleg at dei vil vere tende i meir enn fem timar per døgn, skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er definert i kommisjonsdirektiv 98/11/EF. Dette gjeld ikkje for lyspærer som på grunn av fysiske eigenskapar ikkje kan bytast ut med energisparande lyspærer.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at begge delane av dette kriteriet er oppfylt, og opplyse om kva energieffektivitetsklasse dei ulike lyspærene tilhøyrer.

⁽¹⁾ TEF L 1 av 4.1.2003, s. 65.

⁽²⁾ TEF L 40 av 11.2.1989, s. 12.

⁽³⁾ TEF L 71 av 10.3.1998, s. 1.

10. Utandørs oppvarmingsapparat

Overnattingsstaden skal berre nytte apparat som vert drivne av fornybare energikjelder til å varme opp utandørsområde som område for røyking eller utandørservering.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, og opplyse om kva type energikjelde som vert nytta med omsyn til apparat som vert drivne av fornybare energikjelder.

VATN

11. Vasstrøyming frå kranar og dusjar

Vasstrøyminga frå kranar og dusjar, bortsett frå kjøkkenkranar og badekarskranar, skal ikkje overstige ni liter per minut.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon, medrekna ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet.

12. Sjøppelbøtter i toalettrom

I kvart toalettrom skal det finnast ei høveleg sjjøppelbøtte, og gjestene skal oppmodast om å nytte sjjøppelbøttene i staden for toalettet til eigna avfall.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon med omsyn til informasjonen til gjestene.

13. Utspyling av urinalar

Alle urinalar skal vere utstyrde anten med automatisk (tidsstyrt) eller manuell utspyling, slik at utspylinga ikkje skjer kontinuerleg.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon om dei urinalane som er installerte.

14. Skifting av handklede og laken

Gjestene skal få informasjon om miljøpolitikken til overnattingsstaden når dei kjem. I denne informasjonen skal det forklarast at handklede og laken i romma skal bytast anten på oppmoding frå gjesten, eller så ofte som det er fastsett i miljøpolitikken til overnattingsstaden eller som det er krav om i lovgjeving eller nasjonale reglar. Dette gjeld berre for overnattingsstader der tenesta omfattar handklede og/eller laken.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon som viser korleis gjestene vert informerte og korleis overnattingsstaden respekterer forventingane til gjestene.

15. Korrekt disponering av spillvatn

Overnattingsstaden skal gje gjester og personale informasjon om korleis utslepp av spillvatn skal skje på korrekt måte for å unngå utslepp av stoff som kan hindre at spillvatnet vert reinsa i samsvar med den kommunale planen for spillvatn og fellesskapsreglane. Dersom ein kommunal plan for spillvatn ikkje er tilgjengeleg, skal overnattingsstaden leggje fram ei allmenn liste over stoff som ikkje skal disponerast med spillvatnet i samsvar med europaparlaments- og rådsdirektiv 2006/118/EF om grunnvatn⁽¹⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon (plan for spillvatn og informasjon til gjester og personale, dersom dette er tilgjengeleg).

⁽¹⁾ TEU L 372 av 27.12.2006, s. 19.

VASKEMIDDEL OG DESINFEKSJONSMIDDEL

16. Desinfeksjonsmiddel

Desinfeksjonsmiddel skal berre nyttast når dei er naudsynte for å oppfylle lovfesta krav til hygiene.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei fråsegn om kvar og når desinfeksjonsmiddel vert nytta.

AVFALL

17. Avfallssortering som gjestene utfører

Gjestene skal få informasjon om korleis og kor dei kan sortere avfall i samsvar med dei beste lokale eller nasjonale ordningane på dei områda som overnattingsstaden høyrer inn under. Høvelege behaldarar for avfallssortering skal vere tilgjengelege i romma eller innanfor ein kort avstand.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon med omsyn til informasjon til gjestene, og forklaring på kor behaldarane er plasserte på overnattingsstaden.

18. Avfallssortering

Avfall skal sorterast i kategoriar som kan handsamast separat av dei lokale eller nasjonale avfallshandlingsanlegga. Det skal takast særleg omsyn til farleg avfall som skal sorterast, samlast inn og disponerast i samsvar med kommisjonsvedtak 2000/532/EF⁽¹⁾, og avfallet skal disponerast på ein høveleg måte. Denne lista omfattar tonarar, trykkfargar, kjøleutstyr og elektrisk utstyr, batteri, lækjemiddel, feitt/oljer osv., slik det er oppført i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/96/EF⁽²⁾ og europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/95/EF⁽³⁾.

Dersom den lokale styresmakta ikkje kan tilby separat avfallsinnsamling og/eller -disponering, skal overnattingsstaden kontakte henne skriftleg og uttrykkje at dei ønskjer å sortere avfall, og at dei er urolege over mangelen på separat innsamling og/eller disponering. Dersom den lokale styresmakta ikkje syter for disponering av farleg avfall, skal søkjaren kvart år leggje fram ei fråsegn frå den lokale styresmakta om at det ikkje finst noko disponeringsordning for farleg avfall.

Oppmodinga til lokale styresmakter om å innføre separat avfallsinnsamling og/eller -disponering, skal gjerast årleg.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med opplysningar om dei ulike kategoriane av avfall som er godkjende av dei lokale styresmaktene, og/eller relevante avtaler med private verksemdar. Søkjaren skal eventuelt kvart år leggje fram ei tilsvarande fråsegn for den lokale styresmakta.

19. Eingongsartiklar

Med mindre lovgjevinga krev det, skal det ikkje nyttast eingongstoalettartiklar (som ikkje kan fyllast på att), som t.d. sjampo og såpe, og andre produkt (som ikkje kan nyttast om att), som t.d. dusjletter, børstar, naglefiler osv. Dersom lovgjevinga krev slike eingongsartiklar, skal søkjaren tilby gjestene begge løysingane, og med høveleg informasjon oppmuntre dei til å nytte dei artiklane som kan nyttast om att.

Eingongsartiklar for drikkar (koppar og glas), tallerkar og bestikk skal berre nyttast dersom dei er laga av fornybare råmateriale og kan brytast ned biologisk eller komposterast i samsvar med EN 13432.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon som viser korleis kriteriet er oppfylt (medrekna lovgjeving som krev bruk av eingongsartiklar), i tillegg til samanhengande dokumentasjon om dei artiklane som kan fyllast opp att, og/eller eventuelt om informasjonen til gjestene med oppmoding om bruk av artiklar som kan nyttast om att.

For å vise at eingongsartiklane for drikkar (koppar og glas), tallerkar og bestikk oppfyller dette kravet, må det leggjast fram prov på at EN 13432 vert oppfylt.

⁽¹⁾ TEF L 226 av 6.9.2000, s. 3.

⁽²⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 24.

⁽³⁾ TEU L 37 av 13.2.2003, s. 19.

20. Frukostemballasje

Med mindre lovgjevinga krev det, skal porsjonspakningar ikkje nyttast ved servering av frukost eller andre måltid, bortsett frå når det gjeld smørbare mjølkefettprodukt (t.d. smør, margarin og mjuk ost), sjokoladepålegg og peanøttsmør, og lett- eller diabetikarsyltetøy og -konservar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller kriteriet og ei liste over porsjonspakningar som vert nytta, og lovgjevinga som krev dette.

ANDRE TENESTER

21. Røykjesforbod i fellesrom

Alle fellesområde innandørs skal ha ei avdeling for ikkje-røykjarar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

22. Offentleg transport

Gjester og personale skal ha lett tilgang til informasjon gjennom hovudkommunikasjonsmiddelet til overnattingsstaden om korleis dei kan nytte offentlig transport for å kome seg til og frå overnattingsstaden. Dersom det ikkje finst eigna offentlig transport, skal det opplysast om andre miljøvenlege transportmiddel.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med kopiar av det tilgjengelege informasjonsmaterialet.

ALLMENN FORVALTING OG LEIING

Søkjarar som nyttar ei miljøstyringsordning som er registrert i medhald av europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 761/2001⁽¹⁾ eller er sertifisert i samsvar med ISO 14001, oppfyller automatisk dei forvaltingskriteria som er oppførte nedanfor, bortsett frå kriterium 27, 28 og 29 (innsamling av data og opplysningar). I slike tilfelle vert EMAS-registreringa eller ISO 14001-sertifiseringa nytta til å kontrollere om desse forvaltingskriteria er oppfylt.

23. Vedlikehald og reparasjon av kjelar og klimaanlegg

Vedlikehald og reparasjon av kjelar og klimaanlegg skal utførast minst éin gong i året, eller oftare dersom lovgjevinga krev det eller det er naudsynt, av kvalifiserte fagfolk og i samsvar med CEI-standardar og nasjonale standardar der slike vert nytta, eller i samsvar med rettleiinga frå produsenten.

Vedlikehald av klimaanlegg (kontroll av lekkasje og reparasjon) skal utførast i samsvar med europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 842/2006⁽²⁾, avhengig av mengda av fluorhaldige klimagassar i anlegget, på følgjande måte:

- minst éin gong i året for anlegg som inneheld 3 kg eller meir fluorhaldige klimagassar (dette gjeld ikkje for utstyr med hermetisk lukka system som er merkte som det, og som inneheld mindre enn 6 kg fluorhaldige klimagassar),
- minst éin gong kvar sjetten månad for anlegg som inneheld 30 kg fluorhaldige klimagassar eller meir,
- minst éin gong kvar tredje månad for anlegg som inneheld 300 kg fluorhaldige klimagassar eller meir.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at alle delane av dette kriteriet er oppfylt, saman med ei utgreiing om kjelane og vedlikehaldsprogrammet for dei og opplysningar om dei personane og/eller verksemdene som utfører vedlikehaldet, og kva som vert kontrollert under vedlikehaldet.

⁽¹⁾ TEF L 114 av 24.4.2001, s. 1.

⁽²⁾ TEU L 161 av 14.6.2006, s. 1.

For klimaanlegg som inneheld 3 kg fluorhaldige klimagassar eller meir, skal søkjaren leggje fram opplysningar om mengda og typen fluorhaldige klimagassar som er i anlegget, eventuelle mengder som er fylte på og mengder som er samla opp under vedlikehald, reparasjon og disponering, i tillegg til namnet på verksemda eller teknikaren som utførte reparasjonen eller vedlikehaldet, og datoane for og resultatane av lekkasjekontrollane og relevant informasjon som særskilt identifiserer separat stasjonært utstyr som inneheld meir enn 30 kg fluorhaldige klimagassar.

24. Miljøpolitikk og handlingsprogram

Leiinga skal ha ein miljøpolitikk, og skal utforme ei enkel miljøpolitisk fråsegn og eit konkret handlingsprogram for å sikre at miljøpolitikken vert gjennomført.

I handlingsprogrammet skal det fastsetjast miljømål med omsyn til energi, vatn, kjemikaliar og avfall som skal fastsetjast annakvart år, samstundes som det vert teke omsyn til dei valfrie kriteria og dei opplysningane som er samla inn dersom dei er tilgjengelege. Det skal peikast ut ein person som skal vere miljøforvaltar på overnattingsstaden, og som er ansvarleg for å gjere dei tiltaka som er naudsynte for å nå måla. Miljøpolitikken skal vere offentleg tilgjengeleg. Det skal takast omsyn til kommentarar og tilbakemeldingar frå gjestene som er samla inn ved hjelp av spørjeskjema.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ein kopi av miljøpolitikken eller miljøfråsegna og handlingsprogrammet, i tillegg til framgangsmåtar for å ta omsyn til tilbakemeldingar frå gjester.

25. Opplæring av personale

Overnattingsstaden skal syte for informasjon til og opplæring av personalet, medrekna skriftlege framgangsmåtar eller handbøker, for å sikre at miljøtiltaka vert gjennomførte, og for å auke medvitet om ansvarleg åtferd når det gjeld miljøet. Det skal særleg takast omsyn til følgjande:

Energisparing:

- Personalet skal lærast opp i korleis dei kan spare energi.

Vassparing:

- Personalet skal lærast opp til å kontrollere kvar dag om det finst synlege lekkasjar, og til å gjere høvelege tiltak dersom det er naudsynt.
- Blomstrar og utandørsområde skal vanlegvis vatnast om morgonen/føremiddagen eller etter solnedgang, alt etter regionale eller klimatiske tilhøve.
- Personalet skal informerast om politikken til overnattingsstaden med omsyn til kriterium 14 om byte av handklede, og lærast opp i korleis dei skal etterleve denne.

Kjemiske stoff:

- Personalet skal lærast opp til ikkje å nytte meir enn den tilrådde mengda med vaskemiddel og desinfeksjonsmiddel som er oppført på emballasjen.

Avfall:

- Personalet skal lærast opp i innsamling, sortering og høveleg disponering av avfall i dei kategoriane som kan handsamast separat av dei lokale eller nasjonale avfallshandteringsanlegga, slik det er definert i kriterium 18.
- Personalet skal lærast opp i innsamling, sortering og høveleg disponering av farleg avfall i samsvar med lista i vedtak 2000/532/EF og slik det er definert i kriterium 18.

Det skal gjevast høveleg opplæring til alt nytt personale innan fire veker frå tilsetjinga, og til heile personalet minst ein gong i året.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med nærmare opplysningar om opplæringsprogrammet, innhaldet og kva personale som har fått kva slags opplæring og til kva tid. Søkjaren skal òg leggje fram kopiar av framgangsmåtar og informasjon til personalet om alle dei nemnde emna.

26. Informasjon til gjestene

Overnattingsstaden skal syte for informasjon til gjestene, medrekna deltakarar på konferansar, om miljøpolitikken sin, medrekna informasjon om tryggleik og branntryggleik, og oppmode dei til å medverke i gjennomføringa av denne politikken. Informasjonen til gjestene skal vise til dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre miljøpolitikken til overnattingsstaden, og opplyse om fellesskapsmiljømerket. Denne informasjonen skal gjevast aktivt til gjestene i resepsjonen, saman med eit spørjeskjema der gjestene kan gje uttrykk for synspunkta sine på miljøaspekta ved overnattingsstaden. Oppslag som oppmodar gjestene om å støtte miljømåla, skal vere synlege for gjestene, særleg i fellesområda og i romma.

Det skal gjerast spesifikke tiltak særleg på følgjande område:

Energi:

- Gjestene skal, der det er mogleg og i samsvar med kriterium 7 og 8, få informasjon om korleis dei skal stengje av varmen/klimaanlegget og slukke lyset.

Vatn og spillvatn:

- I baderom og toalettrom skal det finnast høveleg informasjon til gjestene om korleis dei kan hjelpe overnattingsstaden med å spare vatn.
- Gjestene skal oppmodast om å melde frå til personalet om eventuelle lekkasjar.
- I toalettromma skal det vere skilt som oppmodar gjestene om å nytte søppelbøttene i staden for toalettet til avfall.

Avfall:

- Gjestene skal få informasjon om politikken til overnattingsstaden på området avfallsreduksjon og bruken av kvalitetsprodukt i staden for eingongsartiklar og porsjonspakningar, og bør oppmodast om å nytte artiklar som kan nyttast om att, òg i tilfelle der lovgjevinga krev bruk av eingongsartiklar.
- Dei skal gjevast informasjon om korleis og kor dei kan sortere avfall i samsvar med dei lokale eller nasjonale ordningane innanfor dei områda som overnattingsstaden høyrer inn under, og kor dei skal kvitte seg med farlege stoff.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn som stadfestar at dette kriteriet er oppfylt, saman med kopiar av informasjonsskilt og oppslag som er meinte for gjestene, og opplyse om framgangsmåtane for utdeling og innsamling av informasjonen og spørjeskjemaet og korleis det vert teke omsyn til svara.

27. Opplysningar om energi- og vassforbruk

Overnattingsstaden skal ha framgangsmåtar for innsamling og overvaking av opplysningar om samla energiforbruk (kWh), forbruk av elektrisitet og andre energikjelder (kWh) og vassforbruk (liter).

Opplysningane skal om mogleg samlast inn kvar månad eller minst kvart år i tidsrommet då overnattingsstaden er open, og skal òg uttrykkjast som forbruk per overnatting og per m² av innandørs areal.

Overnattingsstaden skal kvart år sende inn resultatata til det rette organet som har vurdert søknaden.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei utgreiing om framgangsmåtane. Søkjaren skal på søknaden føre opp opplysningane om det forbruket som er nemnt ovanfor, for minst dei seks siste månadene (dersom opplysningane er tilgjengelege), og deretter skal dei leggjast fram kvart år for det føregåande året eller tidsrommet då overnattingsstaden er open.

28. Innsamling av andre opplysningar

Overnattingsstaden skal ha framgangsmåtar for innsamling og overvaking av opplysningar om forbruk av kjemikaliar, uttrykt i kilo og/eller liter, med opplysningar om produktet er konsentrert eller ikkje, og om avfallsmengda som er produsert (liter og/eller kilo usortert avfall).

Opplysningane skal om mogleg samlast inn kvar måned eller minst kvart år, og skal òg uttrykkjast som forbruk eller produksjon per overnatting og per m² av innandørs areal.

Overnattingsstaden skal kvart år sende inn resultatata til det rette organet som har vurdert søknaden.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei utgreiing om framgangsmåtane. Søkjaren skal på søknaden føre opp opplysningane om det forbruket som er nemnt ovanfor, for minst dei seks siste månadene (dersom opplysningane er tilgjengelege), og deretter skal dei leggjast fram kvart år for det føregåande året eller tidsrommet då overnattingsstaden er open. Søkjaren skal gjere greie for kva tenester som vert tilbodne, og om tekstilar vert vaska på staden.

29. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

«Denne overnattingsstaden medverkar aktivt til å nytte fornybare energikjelder, spare energi og vatn, redusere avfall og betre det lokale miljøet.»

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei prøve på korleis han vil nytte miljømerket, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

AVSNITT B

VALFRIE KRITERIUM SOM ER NEMNDE I ARTIKKEL 2 NR. 1 OG 2

For kvart av dei kriteria som er fastsette i dette avsnittet, er det tildelt ein verdi som er uttrykt i heile eller halve poeng. For at overnattingsstader skal kunne få tildelt miljømerket, må dei kome opp i eit minste poengtal.

Den samla poengsummen skal aukast med 3 poeng for kvar av dei følgjande tilleggstenestene som vert tilbodne, og som vert forvalta eller eigde av overnattingsstaden:

- Måltid (medrekna frukost).
- Fritidsaktivitetar/treningsanlegg som omfattar badstover, symjebasseng og liknande anlegg som ligg på området til overnattingsstaden. Dersom fritidsaktivitetane/treningsanlegga omfattar eit velværesenter, skal den samla poengsummen aukast med 5 poeng i staden for 3.
- Grøntområde, medrekna parkar og hagar som er opne for gjester.

ENERGI

30. Produksjon av elektrisitet frå fornybare energikjelder (opptil 4 poeng)

Overnattingsstaden skal ha eit anlegg for elektrisitetsproduksjon frå solenergi eller lokal vasskraft, geotermisk energi, biomasse eller vindkraft som dekkjer eller vil dekkje minst 20 % av det samla elektrisitetsforbruket per år (2 poeng).

Overnattingsstaden skal tilføre elektrisitetsnettet ei nettomengd elektrisk energi som er produsert frå fornybare energikjelder (2 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om solcelle-, vasskraft-, geotermi-, biomasse- eller vindkraftanlegget og opplysningar om både den potensielle og faktiske effekten til anlegget og dokumentasjon om elektrisitetsstraumen frå og til nettet som prov på eventuell nettotilførsel av elektrisitet frå fornybare energikjelder til nettet.

31. Energi frå fornybare energikjelder (opptil 2 poeng)

Minst 70 % av den samla energien som vert nytta til å varme opp eller kjøle ned rom eller til å varme opp vatn for sanitært bruk, skal kome frå fornybare energikjelder. (1,5 poeng, 2 poeng dersom all energien som overnattingsstaden nyttar til det føremålet kjem frå fornybare energikjelder).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om energiforbruket til oppvarming av rom og varmt vatn, og dokumentasjon som viser at minst 70 % eller 100 % av denne energien kjem frå fornybare energikjelder.

32. Energieffektiviteten til kjelar (1,5 poeng)

Overnattingsstaden skal ha firestjerners kjelar slik det er definert i direktiv 92/42/EØF.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon.

33. Utslepp av NO_x frå kjelar (1,5 poeng)

Kjelane skal vere av klasse 5 i samsvar med standarden EN 297 prA3, som regulerer utslepp av NO_x, og skal sleppe ut høgst 60 mg NO_x/kWh (gasskjelar med røykgasskonsensering) eller 70 mg NO_x/kWh (gasskjelar utan røykgasskonsensering med ein nominell effekt på opptil 120 kW).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ein rapport eller tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for sal og/eller vedlikehald av kjelen.

34. Fjernvarme (1,5 poeng)

Overnattingsstaden skal varmast opp med effektiv fjernvarme som for føremåla med miljømerket vert definert på følgjande måte:

Varmeproduksjonen skjer anten i høgeffektive kraftvarmeeiningar slik det er definert i direktiv 2004/8/EF og alle andre dokument som Kommisjonen har vedteke for gjennomføringa av det nemnde direktivet, eller i kjelar som berre produserer varme, og som har ein effektivitet som svarar til eller overstig den gjeldande referanseverdien som er fastsett i kommisjonsvedtak 2007/74/EF⁽¹⁾.

I tillegg gjeld følgjande:

Leidningane i fjernvarmenettet skal oppfylle dei krava som er fastsette i den gjeldande CEN-standard for slike leidningar.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon som viser tilkoplinga til fjernvarmeanlegget.

35. Kraftvarme (1,5 poeng)

Elektrisitet til og oppvarming av overnattingsstaden skal kome frå eit høgeffektivt kraftvarmeverk i samsvar med direktiv 2004/8/EF. Dersom overnattingsstaden har eit slikt kraftvarmeverk på staden, skal produksjonen av varme og elektrisitet i kraftvarmeverket dekkje minst 70 % av det samla varme- og elektrisitetsforbruket. Elektrisitetsproduksjonen skal reknast ut i samsvar med den metoden som er fastsett i direktiv 2004/8/EF.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om kraftvarmeverket.

36. Varmepumpe (opptil 2 poeng)

Overnattingsstaden skal ha ei varmpumpe til oppvarming og/eller eit klimaanlegg (1,5 poeng). Overnattingsstaden skal ha ei varmpumpe som er tildelt fellesskapsmiljømerket eller eit anna ISO type I-miljømerke (2 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om varmpumpa.

⁽¹⁾ TEU L 32 av 6.2.2007, s. 183.

37. Varmeattvinning (opptil 1,5 poeng)

Overnattingsstaden skal ha eit varmeattvinningssystem for ein (1 poeng) eller to (1,5 poeng) av dei følgjande kategoriane: kjølesystem, vifter, vaskemaskiner, oppvaskmaskiner, symjebasseng, spillvatn frå sanitær bruk.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om varmeattvinningssystema.

38. Temperaturregulering (1,5 poeng)

Temperaturen i kvart fellesområde og kvart rom skal kunne regulerast individuelt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med dokumentasjon om temperaturreguleringssystema.

39. Revisjon av energiytinga til bygningar (1,5 poeng)

Overnattingsstaden skal få ein uavhengig sakkunnig til å revidere energiytinga to gonger i året og gjennomføre minst to tilrådingar om betring av energiytinga på grunnlag av denne revisjonen.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram revisjonsrapporten om energiytinga og detaljert dokumentasjon om korleis overnattingsstaden har oppfylt dette kriteriet.

40. Klimaanlegg (opptil 2 poeng)

Alle klimaanlegg til hushaldsbruk på overnattingsstaden har eit energiforbruk som er 15 % høgare enn terskelen for å oppfylle kravet til klasse A i direktiv 2002/31/EF (1,5 poeng). Alle klimaanlegg til hushaldsbruk på overnattingsstaden har eit energiforbruk som er 30 % høgare enn terskelen for å oppfylle kravet til klasse A i direktiv 2002/31/EF (2 poeng).

Dette kriteriet skal ikkje nyttast på anlegg som òg kan nytte andre energikjelder, på luft-til-vatn-anlegg og vatn-til-vatn-anlegg eller på einingar med ein effekt (kjøleeffekt) på meir enn 12 kW.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

41. Automatisk avstenging av klima- og varmeanlegg (1,5 poeng)

Det skal finnast eit automatisk system som stengjer av klima- og varmeanlegget i romma når vindauga er opne.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal og/eller vedlikehald av klimaanlegget.

42. Bioklimatisk arkitektur (3 poeng)

Overnattingsstaden skal byggjast i samsvar med bioklimatiske arkitektoniske prinsipp.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg dokumentasjon.

43. Energieffektive kjøleskap (1 poeng), steikjeomnar (1 poeng), oppvaskmaskiner (1 poeng), vaskemaskiner (1 poeng), tørketromlar (1 poeng) og kontorutstyr (1 poeng) - (høgst 3 poeng)

a) (1 poeng): Alle hushaldskjøleskap skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A+ eller A++ i samsvar med kommisjonsdirektiv 94/2/EF⁽¹⁾, og alle kjøle- eller minibarar skal minst tilhøyre energieffektivitetsklasse B.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energieffektivitetsklassa til alle kjøleskap og kjøle- eller minibarar.

⁽¹⁾ TEF L 45 av 17.2.1994, s. 1.

- b) (1 poeng): Alle elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 2002/40/EF⁽¹⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energieffektivitetsklassa til alle elektriske steikjeomnar til hushaldsbruk.

NB: Steikjeomnar som ikkje er elektrisk drivne eller på annan måte ikkje er omfatta av direktiv 2002/40/EF (t.d. industriomnar), treng ikkje oppfylle dette kravet.

- c) (1 poeng): Alle hushaldsoppvaskmaskiner skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 97/17/EF⁽²⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energieffektivitetsklassa til alle oppvaskmaskiner.

NB: Oppvaskmaskiner som ikkje er omfatta av direktiv 97/17/EF (t.d. industrioppvaskmaskiner), treng ikkje oppfylle dette kravet.

- d) (1 poeng): Alle hushaldsvaskmaskiner skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 95/12/EF⁽³⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energieffektivitetsklassa til alle vaskemaskiner.

NB: Vaskemaskiner som ikkje er omfatta av direktiv 95/12/EF (t.d. industrivaskemaskiner), treng ikkje oppfylle dette kravet.

- e) (1 poeng): Minst 80 % av kontorutstyret (personlege datamaskiner, skjermar, faksmaskiner, skrivarar, skannarar, kopieringsmaskiner) skal oppfylle Energy Star-krava slik dei er fastsette i europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 106/2008⁽⁴⁾ og i kommisjonsavgjerd 2003/168/EF⁽⁵⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon som viser at kontorutstyr oppfyller Energy Star-krava.

- f) (1 poeng): Alle tørketromlar skal tilhøyre energieffektivitetsklasse A slik det er fastsett i kommisjonsdirektiv 95/13/EF⁽⁶⁾.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram dokumentasjon med opplysningar om energieffektivitetsklassa til alle tørketromlar.

NB: Tørketromlar som ikkje er omfatta av direktiv 95/13/EF (t.d. industritørketromlar), treng ikkje oppfylle dette kravet.

44. Elektriske hand- og hårtørkarar med avstandssensor (opptil 2 poeng)

Alle elektriske handtørkarar (1 poeng) og hårtørkarar (1 poeng) skal vere utstyrte med avstandssensorar eller vere tildelte eit ISO type I-miljømerke.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg utfyllande dokumentasjon om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet.

45. Plassering av kjøleskap (1 poeng)

Kjøleskap på kjøkken, i restaurantar og i barar skal plasserast og regulerast i samsvar med prinsipp for energisparing for å redusere sløsing med energi.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert forklaring på korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet.

⁽¹⁾ TEF L 128 av 15.5.2002, s. 45.

⁽²⁾ TEF L 118 av 7.5.1997, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 136 av 21.6.1995, s. 1.

⁽⁴⁾ TEU L 39 av 13.2.2008, s. 1.

⁽⁵⁾ TEU L 67 av 12.3.2003, s. 22.

⁽⁶⁾ TEF L 136 av 21.6.1995, s. 28.

46. Automatisk sløkking av lys i rom (1,5 poeng)

Automatiske system som sløkkjer lysa når gjestene går ut av romma sine, skal vere installerte i 95 % av overnattingsstaden.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal og/eller vedlikehald av desse systema.

47. Tidsbrytar for badstove (1 poeng)

Alle badstover og tyrkiske bad (hammam) skal ha tidsbrytar eller rutinar for tenning/sløkking som personalet skal følgje.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal og/eller vedlikehald av desse systema.

48. Oppvarming av symjebasseng med fornybare energikjelder (opptil 1,5 poeng)

Energi som vert nytta til oppvarming av symjebasseng, skal kome frå fornybare energikjelder. Minst 50 %: 1 poeng, 100 %: 1,5 poeng.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om energiforbruket til oppvarming av vatn i symjebasseng, og dokumentasjon som viser kor stor del av den nytta energien som kjem frå fornybare energikjelder.

49. Automatisk sløkking av utandørs lys (1,5 poeng)

Utandørs lys som ikkje er naudsynt av omsyn til tryggleiken, skal sløkkjast automatisk etter eit fastsett tidsrom, eller aktiverast ved hjelp av ein avstandssensor.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde tekniskarane som er ansvarlege for installering, sal og/eller vedlikehald av desse systema.

VATN**50. Bruk av regnvatn (2 poeng) og resirkulert vatn (2 poeng)**

a) (2 poeng): Regnvatn skal samlast opp og nyttast til andre føremål enn sanitær bruk og bruk som drikkevatn.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon og stadfesting om at vatn for sanitær bruk og bruk som drikkevatn vert halde heilt åtskilt frå regnvatn.

b) (2 poeng): Attvunne vatn skal samlast opp og nyttast til andre føremål enn sanitær bruk og bruk som drikkevatn.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon og stadfesting om at vatn for sanitær bruk og bruk som drikkevatn vert halde heilt åtskilt frå regnvatn.

51. Automatiske vatningssystem til utandørsområde (1,5 poeng)

Overnattingsstaden skal nytte eit automatisk system som utnyttar vatningstider og vassforbruk til utandørs planter og grøntområde på best mogleg måte.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

52. Vasstrøyming frå kranar og dusjar (1,5 poeng)

Den gjennomsnittlege strøyminga frå alle kranar og dusjar, bortsett frå kranar i badekar, skal ikkje overstige 8 liter per minutt.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

53. Utspyling av toalett (1,5 poeng)

Minst 95 % av toaletta skal nytte høgst seks liter vatn per utspyling.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

54. Vassforbruket til oppvaskmaskiner (1 poeng)

Vassforbruket til oppvaskmaskinene (uttrykt som $W_{(m\ddot{a}lt)}$) skal vere lågare enn eller lik den terskelverdien som er definert ved følgjande likning, ved bruk av den same EN 50242-prøvningsmetoden og det same programmet som var valt for direktiv 97/17/EF:

$$W_{(m\ddot{a}lt)} \leq (0,625 \times S) + 9,25$$

der:

$W_{(m\ddot{a}lt)}$ = det målte vassforbruket til oppvaskmaskina, uttrykt i liter per oppvask og med éin desimal, og

S = talet på standardkuvertar som oppvaskmaskina er meint for.

Dette kravet gjeld berre for hushaldsoppvaskmaskiner.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for produksjon, sal eller vedlikehald av oppvaskmaskinene, eller prov på at oppvaskmaskinene har fått tildelt fellesskapsmiljømerket.

55. Vassforbruket til vaskemaskiner (1 poeng)

Vaskemaskinene som vert nytta av gjester og personale på overnattingsstaden eller av vaskeriet deira, skal nytte høgst tolv liter vatn per kg vasketøy målt i samsvar med standarden EN 60456, ved bruk av det same standardprogrammet for vask av bomull på 60 °C som var valt for direktiv 95/12/EF.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram tekniske spesifikasjonar frå dei faglærde teknikarane som er ansvarlege for produksjon, sal eller vedlikehald av vaskemaskinene, eller prov på at vaskemaskinene har fått tildelt fellesskapsmiljømerket. Leiinga ved overnattingsstaden skal leggje fram teknisk dokumentasjon frå vaskeriet sitt om at vaskemaskinene deira oppfyller kriteriet.

56. Temperaturen og strøyminga til vatnet i kranane (1 poeng)

Minst 95 % av kranane skal kunne regulerast presist og snøgt med omsyn til vasstemperatur og vasstrøyming.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

57. Tidsbrytarar for dusjar (1,5 poeng)

Alle dusjar i personalrom, på utandørsområde og på fellesområde skal ha ei tidsbrytings- eller avstandsinnretning som bryt vasstrøyminga etter eit fastsett tidsrom eller dersom dei ikkje er i bruk.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

58. Tildekking av symjebasseng (1 poeng)

Om natta eller når det ikkje er i bruk lenger enn ein dag, skal symjebassenget vere tildekt for å hindre at vatnet i bassenget vert avkjølt, og for å redusere fordamping.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

59. Avising (opptil 1,5 poeng)

Dersom det er naudsynt med avising av vegar, skal det nyttast mekaniske metodar eller sand/grus for å gjere vegane på området til overnattingsstaden trygge i tilfelle is eller snø (1,5 poeng).

Dersom det vert nytta kjemisk avising, skal det nyttast stoff som inneheld høgst 1 % kloridion (Cl) (1 poeng), eller avisingsmiddel som har fått tildelt fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type I-miljømerke (1,5 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

60. Opplysningar om hardt vatn (2 poeng)

I nærleiken av vaskelokale/vaskemaskiner/oppvaskmaskiner skal det finnast opplysningar om kor hardt det lokale vatnet er (1 poeng), slik at gjester og personale kan nytte vaskemiddel på best mogleg måte, eller det skal nyttast eit automatisk doseringssystem (1 poeng) som gjer at vaskemidla vert nytta på ein best mogleg måte i høve til vasshardleiken.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med relevant dokumentasjon som viser korleis gjestene vert informerte.

61. Vassparande urinalar (1,5 poeng)

I alle urinalar skal det nyttast eit system utan vatn, eller dei skal ha eit manuelt eller elektronisk spylesystem som gjer det mogleg å spyle kvar urinal ein gong og berre etter bruk.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg utfyllande dokumentasjon om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet.

62. Bruk av lokalt heimehøyrande artar til nyplanting utandørs (1 poeng)

Ved tilplanting av utandørsområde med tre og hekkar skal det nyttast planteartar som er heimehøyrande i området.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram relevante spesifikasjonar for korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon frå ein sakkunnig.

VASKEMIDDEL OG DESINFEKSJONSMIDDEL**63. Vaskemiddel (opptil 3 poeng)**

Minst 80 vektprosent av handoppvaskmidla og/eller maskinoppvaskmidla og/eller tekstilvaskemidla og/eller allreingjeringsmidla og/eller sanitærvaskemidla og/eller såper og sjampoar som vert nytta av overnattingsstaden, skal vere tildelte fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type I-miljømerke (1 poeng for kvar av desse kategoriane vaskemiddel, høgst 3 poeng til saman).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer) som viser dei samla mengdene av slike produkt som vert nytta, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke.

64. Innandørs og utandørs måling og lakk (opptil 2 poeng)

Minst 50 % av den innandørs og/eller utandørs målinga av overnattingsstaden skal gjerast med innandørs og/eller utandørs måling og lakk som er tildelte fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type I-miljømerke. (1 poeng for innandørs måling og lakk, 1 poeng for utandørs måling og lakk).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer) som viser dei samla mengdene av slike produkt som vert nytta, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke.

65. Støtte til alternativ til kunstige tennvæsker til grilling (1 poeng)

På området til overnattingsstaden skal det ikkje seljast eller tilbydast kunstige tennvæskeprodukt til grilling eller peisar, i staden skal det seljast og tilbydast alternative produkt som t.d. rapsolje og produkt av hamp.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt.

66. Symjebasseng: Dosering av desinfeksjonsmiddel (1 poeng) eller naturlege/økologiske symjebasseng (1 poeng)

Symjebassenget skal ha eit automatisk doseringssystem som nyttar minst mogleg desinfeksjonsmiddel for å oppnå eit resultat som sikrar høveleg hygiene (1 poeng),

eller

symjebassenget skal vere naturleg/økologisk, med berre naturlege delar som sikrar hygien og tryggleiken til brukarane (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram teknisk dokumentasjon med omsyn til det automatiske doseringssystemet eller typen naturleg/økologisk symjebasseng og vedlikehald av dette.

67. Mekanisk reingjering (1 poeng)

Overnattingsstaden skal ha nøye fastlagde framgangsmåtar for kjemikaliefri reingjering, t.d. bruk av mikrofiberprodukt eller andre ikkje-kjemiske reingjeringsmiddel, eller tiltak med same verknader.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med eventuell høveleg utfyllande dokumentasjon.

68. Økologisk hagebruk (2 poeng)

Grøntområde skal forvaltast utan bruk av plantevernmiddel eller i samsvar med prinsipp for økologisk landbruk, slik det er fastsett i rådsforordning (EF) nr. 834/2007⁽¹⁾, eller slik det er fastsett i nasjonal lovgjeving eller godkjende nasjonale ordningar for økologisk produksjon.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med eventuell høveleg utfyllande dokumentasjon.

69. Middell mot insekt og skadedyr (opptil 2 poeng)

Den arkitektoniske utforminga av overnattingsstaden, saman med hygienetiltak (t.d. bygging på pålar for å hindre rotter i å kome inn i lokala, bruk av myggnett og flugepapir), skal sikre minst mogleg bruk av middel mot insekt og skadedyr på overnattingsstaden (1 poeng).

Dersom det vert nytta middel mot insekt og skadedyr, skal slik bruk berre omfatte stoff som er tillatne i økologisk landbruk (slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 834/2007), eller som har fått tildelt fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type I-miljømerke (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med eventuell høveleg utfyllande dokumentasjon.

AVFALL

70. Kompostering (opptil 2 poeng)

Overnattingsstaden skal sortere relevant organisk avfall (hageavfall 1 poeng, kjøkkenavfall 1 poeng) og sikre at det vert kompostert i samsvar med lokale retningslinjer (som t.d. er gjevne av dei lokale styresmaktene, overnattingsstaden sjølv eller ei privat verksemd).

⁽¹⁾ TEU L 189 av 20.7.2007, s. 1.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med eventuell høveleg utfyllande dokumentasjon.

71. Drikkar i eingongsbeholdarar (2 poeng)

Drikkar i eingongsbeholdarar skal ikkje tilbydast på område som er eigde eller vert forvalta direkte av overnattingsstaden.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med opplysningar om kva slags eingongsartiklar som er nytta, og om eventuell lovgeving som krev slik bruk.

72. Disponering av feitt/olje (opptil 2 poeng)

Det skal installerast feittfilter, og feitt/olje til steiking og fritering skal samlast opp og disponerast på ein høveleg måte (1 poeng).

Det skal vere mogleg for gjestene å kvitte seg med feitt/olje på ein høveleg måte dersom det er naudsynt (t.d. ved leige av husvære) (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

73. Brukte tekstilar, møblar og andre produkt (opptil 2 poeng)

Brukte møblar, tekstilar og andre produkt, t.d. elektronisk utstyr, skal gjevast til velgjersorganisasjonar i samsvar med politikken til overnattingsstaden (2 poeng), eller seljast (1 poeng) til andre organisasjonar som samlar inn og deler ut att slike varer.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon frå organisasjonane.

ANDRE TENESTER

74. Tilplanting av tak (2 poeng)

Taka på minst 50 % av dei bygningane på overnattingsstaden som høver til det (som har flate tak eller tak med liten hellingsvinkel), og som ikkje vert nytta til andre føremål, skal vere dekte med gras eller andre planter.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

75. Miljøinformasjon og -opplæring (opptil 3 poeng)

Overnattingsstaden skal syte for at gjestene får informasjon om miljøet i form av oppslag om det lokale biologiske mangfaldet, det lokale landskapet og den lokale naturforvaltinga (1,5 poeng). Underhaldninga for gjestene skal ha innslag som omfattar miljøopplæring (1,5 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon.

76. Røykforbod i fellesområde og rom (opptil 1,5 poeng)

Det skal vere røykforbod i 100 % av fellesområda innandørs og minst 70 % (1 poeng) av romma eller minst 95 % (2 poeng) av romma.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal opplyse om talet på og typen område, og kva område som er røykfrie.

77. Syklar (1,5 poeng)

Det skal finnast syklar tilgjengelege for gjestene. (Minst tre syklar per 50 rom.)

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei forklaring på korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet.

78. Henteteneste (1 poeng)

Overnattingsstaden skal tilby henteteneste med miljøvenlege transportmiddel som t.d. elektriske bilar eller hest og vogn/slede for gjester som kjem med offentleg transport.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei forklaring på korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet og eit døme på korleis gjestene vert informerte om det.

79. Returflasker (opptil 3 poeng)

Overnattingsstaden skal tilby drikkar i returflasker eller flasker som kan nyttast fleire gonger: leskedrikkar (1 poeng), øl (1 poeng), vatn (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon frå flaskeleverandørane.

80. Bruk av produkt som kan fyllast på (opptil 2 poeng)

Overnattingsstaden skal berre nytte batteri som kan ladast opp, til TV-fjernkontrollar (1 poeng), og/eller tonarkassetar som kan fyllast på, til skrivarar og kopieringsmaskiner (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med høveleg utfyllande dokumentasjon frå leverandørane av batteri og/eller verksemdene som fyller på tonarkassetar.

81. Papirprodukt (opptil 3 poeng)

Minst 80 % av toalett- og mjukpapir og/eller kontorpapir og/eller papir med trykk skal vere tildelt fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type 1-miljømerke (1 poeng for kvar av desse tre kategoriane papirprodukt).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon (medrekna relevante fakturaer) som viser dei samla mengdene av slike produkt som vert nytta, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke.

82. Varige varer (opptil 3 poeng)

Minst 30 % av alle kategoriar varige varer (t.d. sengetøy, handklede, dukar, personlege og berbare datamaskiner, fjernsynsapparat, madrassar, møblar, vaskemaskiner, oppvaskmaskiner, kjøleskap, støvsugarar, golvdekke, lyspærer) som finst på overnattingsstaden, medrekna overnattingsseiningar til utleige, skal vere tildelt fellesskapsmiljømerket eller andre nasjonale eller regionale ISO type 1-miljømerke (1 poeng for kvar av opptil tre kategoriar med varige varer).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram opplysningar og dokumentasjon som viser kor mange slike produkt som han eig, og kor mange av dei som har fått tildelt eit miljømerke.

83. Lokale matvarer (opptil 3 poeng)

Det skal finnast tilbod om minst to lokale matvarer som det er sesong for (fersk frukt og ferske grønnsaker) til kvart måltid, medrekna frukost (1,5 poeng).

Der det er aktuelt, skal det vere forbode med konsum av lokale artar som er truga av utrydding, t.d. fiske- og krepsdyrartar og eksotiske dyr (såkalla «bushmeat») og reker frå oppdrett som skadar mangroveskogar (1,5 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon.

84. Økologisk mat (opptil 2 poeng)

Hovudingrediensane i minst to rettar (1 poeng) eller i heile menyen, medrekna frukost (2 poeng), skal vere framstilte etter økologiske landbruksmetodar slik det er fastsett i forordning (EF) nr. 834/2007, eller vere framstilte i samsvar med eit ISO type 1-miljømerke.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon.

85. Innandørs luftkvalitet (opptil 4 poeng)

Overnattingsstaden skal syte for ein best mogleg innandørs luftkvalitet gjennom eitt av eller begge dei følgjande tiltaka:

- romma og fellesområda skal oppfylle dei krava som er fastsette i punkt 3 i vedlegg I til direktiv 89/106/EØF, og skal berre innehalde måling, utsmykking, møblar og anna materiale som er tildelt fellesskapsmiljømerket eller eit anna tilsvarande ISO type 1-miljømerke for låge utslepp (2 poeng),
- romma og fellesområda skal vere luktfrie, laken og handklede skal vaskast med luktfrie vaskemiddel (1 poeng) og reingjering skal utførast med luktfrie reingjeringsmiddel (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kravet er oppfylt, saman med høveleg dokumentasjon. Med omsyn til kravet om luktfrie omgjevnader er ei liste over komponentar/ingrediensar i dei luktfrie vaske- og reingjeringsmidla rekna som tilstrekkeleg.

ALLMENN FORVALTING OG LEIING**86. EMAS-registrering (3 poeng) eller ISO-sertifisering (2 poeng) av overnattingsstaden**

Overnattingsstaden skal vere registrert i fellesskapsordninga for miljøstyring og miljørevisjon (EMAS) (3 poeng), eller vere sertifisert i samsvar med ISO 14001 (2 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på EMAS-registrering eller ISO 14001-sertifisering.

87. EMAS-registrering (1,5 poeng) eller ISO-sertifisering (1 poeng) av leverandørar

Minst éin av dei viktigaste leverandørane eller tenesteytarane til overnattingsstaden skal vere registrert i EMAS (1,5 poeng) eller sertifisert i samsvar med ISO 14001 (1 poeng).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på EMAS-registrering eller ISO 14001-sertifisering for minst éin av dei viktigaste leverandørane sine.

88. Etterleving av dei obligatoriske kriteria for underleverandørar (opptil 4 poeng)

Underleverandørar av måltid eller fritids-/treningsaktivitetar skal oppfylle alle dei obligatoriske kriteria i dette vedlegget som gjeld for dei aktuelle tenestene (2 poeng for kvar teneste innanfor måltid og fritids-/treningsaktivitetar som overnattingsstaden tilbyr).

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg dokumentasjon i form av avtaler om at underleverandørane hans oppfyller dei obligatoriske kriteria.

89. Energi- og vassmålalar (1 poeng)

Overnattingsstaden skal ha installert ekstra energi- og vassmålalar slik at det vert mogleg å samle inn opplysningar om forbruket i samband med ulike aktivitetar eller til ulike maskiner, som t.d. rom, vaskeri- og kjøkkentenster og/eller særskilde maskiner som kjøleskap, vaskemaskiner osv.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei detaljert utgreiing om korleis overnattingsstaden oppfyller dette kriteriet, saman med ein analyse av dei opplysningane som er samla inn (dersom dei alt er tilgjengelege).

90. Andre miljøtiltak (høgst 3 poeng)

Anten:

- a) Andre miljøtiltak (opptil 1,5 poeng kvar, høgst 3 poeng til saman): Leiinga ved overnattingsstaden skal gjere tiltak i tillegg til dei som er fastsette i form av kriterium i dette avsnittet eller i avsnitt A, for å betre den innverknaden som overnattingsstaden har på miljøet. Det rette organet som vurderer søknaden, skal tildele poeng for desse tiltaka der kvart tiltak kan oppnå høgst 1,5 poeng.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er oppfylt, saman med ei fullstendig utgreiing om kvart tilleggstiltak som søkjaren ønskjer at det skal takast omsyn til.

Eller:

- b) Tildeling av miljømerke (3 poeng): overnattingsstaden skal vere tildelt eit av dei nasjonale eller regionale ISO type I-miljømerka.

Vurdering og kontroll: Søkjaren skal leggje fram høveleg prov på at han er tildelt eit miljømerke.
